

Nesten 8.000 kroner på seks opningar!

14.10.2008



TI-aren har vorte ein populær treffstad for dei med babyar i bygda. Dette biletet vart teke i dag, tysdag 14. oktober. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Cafe TI-aren i Gamleskolen i regi av Uskedalen Utvikling har hatt skikkeleg vind i segla i det siste.

På seks tysdagar (opningstid 11-15) har dei driftige damene som gjer teneste seld kaffe og mat for 7.860 trass i maksimalprisen på 10 kroner. Gjennomsnittsbesøket har vore 58 personar, med 74 som topp og 32 som botnotering. Rekordomsetnaden var naturleg nok då det var 74 innom – med 1720 kroner.

Noko av det gledelegaste som har skjedd er at dette har vorte ein populær treffstad for dei som har babyar i bygda. Seinast denne tysdagen var det åtte smårollingar som boltra seg på "bakrommet".

Her er besøkstala i september og så langt i oktober: 3. september 32, 9. september 37, 16. september 54, 23. september 55, 30. september 74, 8. oktober 56 og 14. oktober 42.

Av Ola Matti Mathisen